



Dato: 20.01.2017
Arkivref: 2017/104-1855/2017 / 00

Saksbehandlar: Bjørn Håvard Bjørklund
53423054
bhb@bomlo.kommune.no

Sak nr i møte	Utval	Møtedato
	Kommunestyret	13.02.2017

MARKERING AV RIKSJUBILEUM PÅ MOSTER I 2024 - 1000 ÅR SIDAN INNFØRING AV KRISTENRETTEN I NOREG

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. Kommunestyret vedtek at det skal arbeidast for eit riksjubileum i 2024 knytt til 1000-års markering av innføring av Kristenretten.
2. Jubileet bør ha sentral markering på Moster.
3. Det skal etablerast eit forprosjekt i samarbeid med Hordaland fylkeskommune som fram til sommaren 2018 skal ta stilling til m.a. organisering, selskapsform, satsingsområde, finansieringsmuligheter, partnarskap og framdriftsplan for eit riksjubileum. Eit nærmere mandat for forprosjektet vert utarbeidd administrativt i samarbeid mellom kommune og fylkeskommune.
4. Forprosjektet må sikre samarbeid med sentrale aktørar som t.d. Moster Amfi- og Kyrkjehistoriske Senter AS og Bømlo Teater.
5. Ein oppstart av forprosjektet vert i 2017 finansiert innanfor vedtekne budsjetttramme. Rådmannen kjem til å gjere framlegg om eiga finansiering av forprosjektet i 2018.
6. Framtidig finansiering av eit hovudprosjekt vert å koma tilbake til i årlege budsjett og velferdsplanar.
7. Vedtaket i Bømlo kommunestyre forutsetter eit likelydande vedtak i fylkestinget.
8. Rådmannen vert beden om å rapportere til kommunestyret om framdrifta i forprosjektperioden.

Dokument i saka:

- Profesjonsuttaler (prenta vedlegg)

Bakgrunn for saka:

Den første av i alt fire kristenrettar i landet på 1020-talet fann stad på Moster i Hordaland i 1024, der dei grunnleggjande, nye lovene (rettane) vart presentert på Mostratinget av vikingkongen Olav Haraldsson og Bispe Grimkjell. Med denne Kristenretten vart det offentlege rommet kristna, kyrkja vart lovfesta som den sentrale samfunnsinstitusjonen, det vart gjeve like lover for heile landet og eit samfunnsbyggjande, regulert skattesystem vart innført.

Kristenretten på Moster i 1024 la grunnlaget for rettsstaten, der det einskilde mennesket er ansvarleg for sine gjerningar. Dette i motsetnad til den norrøne tradisjonen der gruppa eller familien stod ansvarleg for individet sine gjerningar. Kristenretten innlemma Noreg i eit meir

moderne, katolsk Europa på 1000-talet, der nye tankar og idear bana veg for demokrati og rettsutvikling.

Konkrete døme på samfunnsendringar og nye levereglar i Kristenretten er:

- Forbod mot arbeid på søndagar
- Forbod mot utsetjing av spedbarn
- Born skulle døypast
- Fleirkoneri vart forbode
- Ein træl (slave) skulle gjevast fri kvart år i tinglaget
- Ein skulle gravleggjast på kyrkjegardar og ikkje i haug
- Kyrkjer skulle vedlikehaldast årleg
- Møterett på det årlege tinget for talfesta representantar frå kvart område

900-års jubileet for Kristenretten vart feira 29. juli 1924 på Moster i nærvær av kong Haakon VII og fleire tusen deltagarar.

Dei siste åra har det vore jobba med planar om eit riksjubileum i 2024, med ei sentral markering på Moster. I dette arbeidet har det vore sentralt å klargjere om det er fagleg og historisk grunnlag for eit nasjonalt jubileum. I samband med dette vart det innhenta profesjonsuttalar frå følgjande fagpersonar (sjå vedlegg):

1. Direktør Steinar Bjerkestrand – «Kongen som bærer av nasjonens verdier. 1014-1024, sentrale år i den unge Olav Haraldssons liv»
2. Professor Vidar L. Haanes – «Hva var det nye i 1024?»
3. Professor Oddvar Johan Jensen – «Daa Noreg var misjonsmark»
4. Professor Thorstein Jørgensen – «Moster og Mostratinget 1024 – 2024»
5. Førsteamanensis Torgeir Landro – «Kva var det nye i 1024?»
6. Professor Ola Mestad – «Kristenretten – kva var det nye på Moster i 1024?»
7. Professor Gro S. Steinsland – «Moster 1024 – Starten på en ny tid»
8. Professor Jørn Øyrehaugen Sunde – «Frå makt til rett – Kristenretten på Moster frå 1024»

I eit møte 05.05.15 med Moster Amfi og eigarane Hordaland fylkeskommune (HFK) og Bømlo kommune (BK) vart det konkludert at det er eit godt, fagleg grunnlag for eit riksjubileum knytt til Kristenretten.

27.mai 2016 hadde Bømlo Teater urpremiere på teaterstykket « I slik ei natt» av Svein Tindberg. Stykket handlar om Olav Haraldsson både før, medan og etter Kristenretten vart vedteke på Mostratinget. Musikken er skriven av Kjetil Bjerkestrand. Med denne produksjonen har Bømlo Teater skapt ein ny måte å formidle historia på, samstundes som eksistensielle spørsmål vert aktualiserte gjennom scenekunst på ein historisk stad.

Vurderingar:

Dersom ein fokuserer på einskildmenneske, slekter og bygder kan ein seie at Kristendomen kom til Noreg allereie frå 800-talet. Med Kristenretten i 1024 vart nye, kristne verdiar ramma rundt folk sin kvardag og ein kan seie at det offentlege rom vart kristna. Dette skjedde sjølvsagt gradvis og i stadig meir organiserte former, men Mostratinget var utan tvil startskotet for ei utvikling der Noreg no fekk sitt norm- og verdigrunnlag frå ein religion som også hadde befesta sin posisjon i det meste av Europa.

900-års jubileet for Kristenretten vart også feira på Moster. I 1924 var det Bispmøtet som stod for feiringa. I følgje professor Oddvar Johan Jensen var det misjonsarbeidet som stod i sentrum for jubileet, sterkt influert av den legitimitet og utbredelse misjonsprosjekta hadde både nasjonalt og internasjonalt.

Eit jubileum i 2024 har liten verdi dersom det berre skal dvele ved det reint historiske. Eit riksjubileum om Kristenretten må derfor relaterast til samtid og framtid på ulike nivå.

Aktuelle tilnærmingar/tema som kan vurderast:

- Verdiar i dag og verdiar i eit historisk perspektiv
- Noreg som rettssamfunn
- Noreg som rettigkeitssamfunn
- Individualisme og kollektivismus
- Kva tid og korleis vert rettssikkerheita utfordra i dagens samfunn?
- Jubileet sitt kyrkjhistoriske og juridiske perspektiv

Aktuelle strategiar:

- Barn og unge som sentral målgruppe
- Samarbeid med grunnopplæringa/utdanningssektoren
- Forsking- og utviklingsarbeid (FoU)
- Leggje til rette for ulike kunst- og kulturuttrykk, debattar, publikasjonar
- Samarbeid med aktørar både regionalt, nasjonalt og internasjonalt
- Korleis eit interkommunalt/regionalt perspektiv kan koma til uttrykk gjennom Kystpilegrimsleia Rogaland-Nidaros
- Eit jubileum kan inspirera til interkommunalt/regionalt samarbeid med Haugalandet og Fitjar om felles kongehistorie
- Korleis Moster Amfi- og Kyrkjhistoriske Senter AS og Bømlo Teater kan styrkast som viktige aktørar i gjennomføringa av eit jubileum
- Vurdere grunnlaget for eit nasjonalt senter på Moster som set fokus på soga om Olav Haraldsson og statsdanninga av landet gjennom Kristenretten
- Partnarskap/ forpliktande samarbeid med Festspela, Høgskulen på Vestlandet, Den Norske kyrkja, Bispedømmerådet, museumsaktørar, osv.
- Leggje til rette for og søkje nye samarbeidsformer mellom kultur og næring

Både Bømlo kommune og Hordaland fylkeskommune skal bidra til finansiering av hovudprosjektet. Ein skal i tillegg søkje om ekstern finansiering, både offentleg og privat.

Bømlo har erfaring med å leie nasjonale jubileum frå 1000-års jubileet for Kyrkja i Noreg i 1995. Eit nytt nasjonalt jubileum vil stille store krav til organisering, infrastruktur, samhandling og informasjonsarbeid. Det vert derfor avgjerande at ein sikrar tilstrekkeleg kapasitet og ein tenleg organisasjonsform i det vidare arbeidet. Dette er blant områda forprosjektet skal ta stilling til.

Eit riksjubileum vil også samle mange menneske og sjølv om Bømlo investerer tungt i nye og betre vegar, bør ein snarast starte vurdering av behov for andre naudsynte fasilitetar/infrastruktur lokalt og i tilknyting til Moster Amfi.

Eit nasjonalt jubileum krev sjølv sagt god forankring. Saka er allereie diskutert i mange ulike organ lokalt/regionalt, og har i tillegg vore drøfta og fått positiv tilslutning frå m.a. Den norske kyrkja ved

Bispemøtets Preses og Kyrkjerådsdirektøren, Hordalandsbenken på Stortinget/andre stortingspolitikarar og Kongehuset. Kulturminister Linda Hofstad Helleland fekk også ei særskild orientering om dette då ho opna urpremieren av «I slik ei natt» i mai 2016. Ein planlegg også eit møte med Kulturdepartementet våren 2017 etter at saka er handsama i både fylkesting og kommunestyre. Arbeidet med forankring må halde fram også gjennom forprosjektperioden.

Økonomiske konsekvensar:

Oppstart av forprosjektet i 2017 vert finansiert innanfor vedtekne budjettrammer. Det er ein føresetnad for å kunne gjennomføre eit nasjonalt jubileum at det vert sett av kommunale midlar etter ein eigen opptrappingsplan i åra fram mot 2024. Det vert lagt til grunn at Hordaland fylkeskommune også bidreg i ein slik finansieringsplan. Slike løyvingar må baserast på ein heilskapleg plan og med rutinar som sikrar løpende rapportering. Dette vil også vere styrande for kva organisasjonsform rådmannen vil tilrå for hovudprosjektet.

Det skal i tillegg søkjast om ekstern finansiering.

Miljømessige konsekvensar:

Eit riksjubileum med sentral markering på Moster må planleggjast og gjennomførast slik at belastninga på miljøet vert minst mogleg.

Beredskap- og samfunnstryggleik:

Konkrete risikovurderingar knytt til beredskap- og samfunnstryggleik må gjerast i samband med planlegging og gjennomføring av programmet.

Folkehelse:

Gjennom eit nasjonalt jubileum med sentral markering på Moster vil ein kunne styrke lokal identitet og auke engasjementet om oppvekst- og levekår. Vidare må ein i planlegginga av jubileet aktivt vurdere tiltak som fremmer folkehelse knytt til både infrastruktur, formidling, kunst- og kulturuttrykk og aktivitetar.

Oppsummering og konklusjon:

Eit nasjonalt 1000-års jubileum knytt til innføringa av Kristenretten i Noreg vil vere eit stort løft for Bømlo og Hordaland, og vil bidra til å stadfeste Bømlo sin sentrale plass i Noregshistoria. Jubileet må ha brei forankring og sikre at tema/område vert aktualisert i vår samtid.

Saksprotokoll i Kommunestyret - 13.02.2017

Vedtak:

Kommunestyret gjorde samråystes **vedtak** i samsvar med rådmannen sitt framlegg.